



## Prosjektmandat (administrativ bestilling)

Prosjektnr	Namn	Saknr
(økonomi)	Kvalitetsplan oppvekst	(websak)
Prosjektfase	August 2015-oktober 2016	
<b>Organisering</b>		
<b>Oppdragsgjevar:</b> Lindås kommune, rådmannen		
<b>Politisk styringsgruppe:</b> Levekårsutvalet		
<b>Evt. adm. styringsgruppe:</b> Rådmannen si leiargruppe Prosjektansvarleg: Organisasjonssjef		
<b>Prosjektgruppe:</b> Kommunalsjef oppvekst (prosjektleiar) Einingsleiarar: Barnevern, helse, skule og barnehage Leiar for PPT Kommuneoverlege Representant for tilsette (HTV) Representant for føresette (FAU-repr.) Representant for barn/unge (elevrådsrepr.)		
<b>Referansegruppe 1:</b> Representant(ar) for leiarar oppvekst, tilsette oppvekst, stab oppvekst, føresette oppvekst/FAU, barn/unge oppvekst/elevråd/ungdomsråd, kultur og idrett, private barnehagar/skular, kommunepsykolog barn/unge samt bup		
<b>Referansegruppe 2:</b> Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		
Deltakarane i referansegruppa kan bli kalla inn som samla gruppe, mindre grupper eller som einskildpersonar		

## Bakgrunn og forankring

Det å etablere to kommunalsjefstillinger for områda helse og oppvekst samt å samle ei respektive fagmiljøa inn mot kommunalsjefen, har vore eitt av dei første tiltaka i kommunen sitt overordna organisasjonsprosjekt «Lindås 2019». For oppvekstsektoren sin del, resulterte dette i at ein i 2014/15 har arbeidd med prosjektet Organisering av område Oppvekst. Dette prosjektet er no slutført, og ein har hausta mykje god informasjon om stoda i kommunen i høve til kvalitetsarbeid og opplevingar av styrke/utvikingspotensiale. Dette vil ein bygge vidare på no.

I prosjektporteføljen, som er lagt til prosjekt «Lindås 2019», er det å få utarbeidd ein kvalitetsplan for oppvekst lagt inn med start august 2015. Prosjektet er med dette forankra i rådmannen si leiargruppe, med orientering til kommunestyret og levekårsutvalet.

Det er behov for å sjå samla på fagområda innafor sektoren, slik at ein kan definere og prioritere tiltak i eit tverrfagleg perspektiv med tidleg intervensjon samt heilskap i tenestetilbodet som målsetjing. Dette ligg til grunn både for val av organisasjonsmodell og nytt organisasjonskart.

## Hovudmål

### Resultatmål

Det skal utarbeidast ein kvalitetsplan for oppvekst, som synleggjer behov og prioriterte tiltak i ein periode på inntil 5 år. Kvalitetsplanen skal til politisk handsaming vår-16/tidleg haust-16.

### Effekt mål

1. Lindås kommune har heilskapleg oversyn over stoda; styrke, utfordringar og behov i høve til tenestetilbodet innafor oppvekstsektoren.
2. Lindås kommune har prioritert tiltak innafor sektoren med fokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg intervensjon.
3. Aktørar (barn, unge, vaksne, føresette, tilsette) innafor sektoren kjenner til kommunen sine prioriteringar og tiltak knytt til kvalitetsplanen.
4. Lindås kommune har ein heilskapleg innsats og praksis i høve til prioriterte utvikingsområde. I praksis tyder dette at samarbeidet tar utgangspunkt i den einskilde aktør sine behov, og at dei ulike fagfelte samarbeider til det beste for den einskilde (barn, unge, vaksne eller heim).
5. Mottakarar av tenestetilbod innafor sektoren opplever å få eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod, tilpassa etter behov. Dei erfarer også at kommunen arbeider systematisk og koordinert med tidleg innsats.
6. Lindås kommune har gjennom medverknad både frå tilsette og mottakarar av tenestetilbodet i prosessen, lagt grunnlag for eigarskap til tiltak og prioriteringar i kvalitetsplanen.

## Rammer

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Prosjektleiing	
Samlingar	
Studiebesøk	

### *Avgrensingar*

I prosjektet inngår det å utarbeide ein Kvalitetsplan for oppvekst i Lindås kommune, som skal erstatte tidlegare separate kommunedelplanar for fagområda. Det blir utarbeidd eit framlegg til planprogram som skal handsamast politisk.

Kvalitetsplanen skal gjennom planprosessen ta utgangspunkt i prioriteringar i overordna planstrategi for kommunen, inn mot samfunnsdelen i kommuneplanen. Kvalitetsplanen skal ha fokus på det faglege innhaldet i tenestetilbod innafor oppvekst, og vil ikkje omhandle byggtekniske kvalitetar. Prioriteringar inn mot bygg må vurderast i samband med prosess knytt til økonomiplanen.

Planarbeidet vil heller ikkje omhandle vurderingar og prioriteringar knytt til skulestruktur, utbygging av barnehage og skule eller organisering.

### **Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)**

Det er god motivasjon i sektoren for å starte opp med prosjektet.

Det er store forventningar til tema som skal handsamast i prosjektet, slik at ei tydeleg avgrensing av innhaldet vil vere naudsynt.

### *Framdrift*

Ein legg opp til stor grad av medverknad frå dei ulike aktørane i sektoren, mellom anna illustrert ved skildra deltakarar i referansegruppa.

Prosjektgruppa vil utarbeide prosjektplan, og her legg ein opp til at planen skal vere gjeldande frå haust -16. Ein har lagt til eit par månader til prosjektperioden, slik unngår ein å avslutte prosjektarbeidet til sommarferien. Dette ut frå erfaringar vi gjorde oss i prosjektet vedkomande organisering av sektoren.

## **Endringsoversyn**

<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Skildring av endring</b>	<b>Utført av</b>
1.00	29.07.15	Etablering av skisse til mandat	KRMO